

Fullt hus på påskequiz.

15.04.2017



Fullt hus og god stemning på påskequizen.

Påske og quiz høyrer saman. Det fekk vi eit bevis på langfredag då det var heilt fullt på påskequizen på Oska. Deltakarane var ein flott blanding av fastbuande kvinnheringar, utflytta som var heime på påskeferie og andre påskegjester. Alle kosa seg, og det var svært god stemning rundt borda med 17 quizlag.



Vinnarlaget frå Skorpo får overrekt premien av Roy Lervåg.

Som vanleg var det Quizmaster Sammy som styrte quizen på Oska. Det gjorde han sikkert og godt, og kommunikasjonen gjekk fint trass i det store oppmøtet. Deltakarane fekk bryna seg på spørsmål innanfor ulike

kategori, og undertekna meiner Sammy traff godt med vanskegraden. Denne gongen hadde han ikkje med kategorien lokalkunnskap, og det vart truleg eit bevisst valg med så mange tilreisande deltakarar. Det var 3 spørsmålsrundar med til saman 9 ulike kategoriar pluss eit ark med biletoppgåver. Kvar spørsmålsrunde innheldt 15 spørsmål. Ein sikra seg poeng om ein visste at Sarpsborg 08 leiar Eliteserien, at Tarjei Vesaas har skrive Fuglane og at Ragnar Hovland er mannen bak teksten til songen om grisen som står og hylar som Odd Nordstoga hadde suksess med. Det var også lurt å vita at Viggo Walle leiar påskelabyrinten og Rune Gokstad/Øystein Backe er programleiarar for påskentøttene. At jødane feirer påske til minne om utreisa frå Egypt og at påskehendingane er omtala i alle 4 evangelia høyrer også naurleg heime i ein påskequiz. Elles var det både film, musikk, nyhende og mykje anna på spørsmålslista.

Lag frå Skorpo har vunne påskequiz i Uskedalen før, og dei gjekk rett i leiing etter første spørsmålsrunde tett fulgt av fleire lag m.a. det mestvinnande quizlaget i Uskedalen, Nesjarane. Sistnemnde stilte denne gongen med så mange deltakarar at dei hadde to lag. Det var kniving gjennom tre rundar, men etter ein sterk siterunde vann Skorpe-laget klart og fekk hovudpremien. Det vart også trekt ut trøystepremie på billetten. På den gode stemningen å dømme verka det som om alle følte seg som vinnarar.

Stemningen steig ytterlegare nokre hakk då quizmaten, som mange hadde bestilt, kom på bordet etter quizen. 'Utruleg godt', var karakteren frå ungdommane rundt bordet då dei fekk servert lammepølse med godt tilbehør.



Karen Thorsen, Dorthe Austevoll, Simen Raudstein og Jørgen Moberg var svært fornøgd med sterk 5.plass saman med undertekna. Også nabobordet med Morten Eidsvik som kaptein hadde ein fin kveld på Oska.

Påskeaftan er det påskefest på Oska, og førehandsbookinga fortel at det vert ein ny stor kveld!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland